



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Vaksdal

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Postboks 113, 5721 Dalekvam

Tlf: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

www.vaksdal.kyrkja.no

K O N F I R M A N T Å R E T 2 0 1 0 - 2 0 2 1

INNMELDING

Innmelding skjer ved elektronisk registrering på www.vaksdal.kyrkja.no
seinast tre dagar før gudstenesta med presentasjon*, men helst snarast.

Kontakt oss viss du ikkje får til å registrere deg der.

Send/ta med dåpsattest viss konfirmanten ikkje er døypt i Vaksdal kommune. Attesten vil de få attende. Viss nokon ynskjer å bli døypt, avtalar me seinare korleis og kva tid det skal skje. Dei som ikkje er døypte, er òg velkomne til å ta del i konfirmasjons-opplegget, men berre dei som er døypte kan bli konfirmert i gudstenesta til våren.

DATOAR OG OPPLEGG I KONFIRMASJONSTIDA

Me må ta omsyn til gjeldande smittevern-reglar m. m. i høve Korona-pandemien.
Difor er ikkje alle datoar bestemt ennå.

Det kan og kome endringar i dei planane som alt er lagde.

Gudsteneste med presentasjon*

(konfirmantane skal berre vere med i si kyrkje)

- **Dale sokn:** Søndag 20. september kl. 18.00 i Dale kyrkje
- **Vaksdal sokn:** Søndag 27. september kl. 11.00 i Vaksdal kyrkje
- **Stamnes sokn:** Søndag 4. oktober kl. 18.00 i Stamnes kyrkje
- **Bergsdalen sokn:** Søndag 1. november kl. 11.00 i Bergsdalen kyrkje

Undervisningssamlingar / Konfirmant-Alpha

Me har eit opplegg med undervisning og samtale som me kallar Konfirmant-Alpha. Der er konfirmantane frå alle tre sokna med. Då er dei samla omlag 8 torsdagar kl. 19.00 - 20.30 frå oktober av, om lag kvar andre veke (ikkje i desember). Stadane dei er samla på vekslar mellom Vaksdal, Stanghelle, Dale og Stamnes. Me tek atterhald om at smittevern-reglane tillet slike samlingar samt at eventuelle avgrensingar vil vere tenlege for opplegget. Datoliste vert sendt ut i starten av konfirmantåret.

Konfirmantleir

Det blir leirar i februar eller mars. Me kjem attende til datoane.

Nattcup i november

Det vert nattcup i fotball i Haukelandshallen i Bergen og han brukar å vere ei natt i november (fredag kveld til laurdag morgon). Deltaking er frivillig. Me nyttar foreldre som leiarar den natta!

Lysmesse (konfirmantane skal berre vere med i si kyrkje)

Det er ei gudsteneste der konfirmantane har på seg kvite konfirmantkappar og går med tente lys. Konfirmantane deltek og med lesing av bibeltekstar. Me kjem attende til datoane for desse.

Fasteaksjonen tysdag 23. mars

Konfirmantane og foreldra i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn er med på Kirkens Nødhjelp sin landsomfattande Fasteaksjon den dagen. Då går me frå dør til dør og samlar inn pengar til det aktuelle prosjektet.

Ung Messe

Gudstenesta som tidlegare vart kalla overhøyringsgudsteneste eller samtalegudsteneste, kallar me Ung Messe hjå oss. I denne gudstenesta tek konfirmantane del med ulike oppgåver, og førebuingane til gudstenesta skjer i grupper tidlegare same veka. Ho er fells for konfirmantane, og kjem vanlegvis ei veke før konfirmasjonane byrjar. Me kjem attende til datoen.

Konfirmasjonsdatoane

- **Dale kyrkje:** Søndag 2. mai kl. 11.00
- **Vaksdal kyrkje:** Søndag 2. mai kl. 11.00
- **Stamnes kyrkje:** Søndag 9. mai kl. 11.00

Gudstenester

Konfirmantane skal vere med på minst **8** gudstenester i løpet av konfirmasjonstida.

5 av desse er gudsteneste med presentasjon, konfirmantleiren, lysmessa, Ung Messe i april og sjølv konfirmasjonsgudstenesta.

Dei **3** andre gudstenestane skal dei og delta i med oppgåver, og me vil freiste å setje opp ei liste med fordelinga av konfirmantar i dei ulike gudstenestene.

Gudstenester utanfor Vaksdal kommune vert òg vanlegvis godkjende.

Me ynskjer at både foreldre og konfirmantar vert involverte i gudstenestene, til dømes med å lese bibeltekstar eller vere med å laget til kyrkjekaffi, og dette kjem me nærare attende til når konfirmantåret startar.



Kontakt med foreldre / føresette

Kjære foreldre / føresette!

De som ein gong valde å døype borna dykkar, er òg viktige medspelarar i konfirmasjonstida. Me vonar på godt samspel med dykk, og at de ikkje let vere å ta kontakt, om det skulle vere noko. Hugs at den informasjonen me får frå dykk vil verte til det beste for konfirmanten.

Kan hende må de somme dagar minne konfirmanten om samværa eller oppmuntre han/ho til å gå. Ungdom kan ha ei lei vane med å gløyme tid og stad. Minn dei óg gjerne på å ta med konfirmasjonsbøker og anna materiell til samlingane, særleg når det er samling rett etter skuletid. Då er det vanlegvis korkje tid eller høve til å hente noko heime før samlinga. Det vert kalla inn til eigne samlingar for foreldre/føresette. Og ikkje minst: Bli med konfirmanten til gudsteneste!

Forsikring

Det er ikkje særskild risikabelt å vere konfirmant i Vaksdal, likevel vil vi ulukkes-forsikre konfirmantane. Forsikringa gjeld for samværa og reise/transport til og frå desse. Meir informasjon om dette kan ein få ved å vende seg til Kyrkjekontoret når konfirmasjonstida tek til.

Eigenandel

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd har bestemt at konfirmantane skal betale ein eigenandel for konfirmasjonstida. Den er no på kr 1000. Faktura vert sendt ut i oktober.

Nokre alvorsord til slutt:

Det skal vere ein friviljug sak å verte konfirmert. Det tyder mellom anna at det må vere konfirmanten sitt val, dersom han/ho vil vere med på konfirmasjonsopplegget.

Dette er ein fridom konfirmanten har, men vert samstundes eit ansvar. Ved å melde seg på konfirmantopplegget tek du som er konfirmant såleis ansvar for di eiga innsats og deltaking. Me har ikkje noko detaljert og langt regelverk for konfirmasjonstida, men gjer merksam på dette:

Når du skriv under på innmeldingsskjemaet, lovar du å:

- **kome på alle samlingane**, med mindre du vert hindra av sjukdom eller andre heilt naudsynte oppgåver/aktivitetar. Syt for, så langt som det er råd, at ikkje samlingane kolliderar med aktivitetar innan t.d. sport og musikk, og at du ikkje gjer avtalar med skulen eller andre som kolliderar med konfirmantsamlingane. Foreldre/føresette må melde ifrå til presten på førehand viss konfirmanten ikkje kan koma på ei samling.
- **Ta med deg det du treng** på samlingane, og syte for at du er på plass når samlingane skal starte.
- **Delta aktivt** på samlingane. **Opptre med respekt og vørðnad** ovanfor leiarar og medkonfirmantar, så vel som for samlinga i seg sjølv, og det huset/rommet ho er i. For mange vil dette særleg gjelde språkbruken.
- Me tek på oss ei moralsk og solidarisk **teieplikt** i konfirmasjonstida. Det me høyrer frå andre konfirmantar i t.d. ein diskusjon eller samtale, er ikkje noko me snakkar om utanfor samlinga. Det skal ikkje gjerast til underhaldning, sladder eller tema for erting/mobbing.